

- KUNNGJERING -

Fleire søkjarar – Søknader om løyve til syv småkraftverk i Bykle, Bygland og Valle kommunar i Aust Agder

NVE har mottatt søknad frå fleire søkjarar om løyve etter vassressurslova til å byggje syv småkraftverk i Bykle, Bygland og Valle kommunar. Søknadane skal behandlast samtidig, og samla belastning for området skal vurderast. NVE ønskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakane samla. Høyringsinstansar som berre blir berørt av ein eller eit fåtal sakar bed uttale seg om berre desse. Småkraftverka vil gje ein årleg kraftproduksjon på 47,73 GWh. Dette svarar til straumbruken til om lag 2386 husstandar.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på Hovden Grendehus i Bykle kommune, Rådhuset i Bygland kommune, Rådhuset i Valle kommune og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med søkarene, sjå tabell. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **07.07.2015**.

Hoveddata for kraftverksplanane:

Kommune	Søknad	Søker	Installert effekt MW	Produksjon GWh/år
Valle	Bjørnvatn kraftverk	Clemens kraft	2,0	6,2
Valle	Uppstad kraftverk	Uppstad Kraftverk AS	0,994	5,71
Valle	Flårendfossen kraftverk	Otar Kraft DA	2,9	10,6
Valle	Straume kraftverk	Straume kraftverk AS	4,0	11,67
Bykle	Tveiteråni kraftverk	Clemens Kraft AS	1,9	4,11
Bykle	Veringsåe kraftverk	Veringsåe Kraft AS	1,83	5,42
Bygland	Melefallet II kraftverk	Melefallet AS	1,6	4,02